



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg: Verneområdestyret for SVR

Møtested: Hovdestøylen, Bykle

Dato: 26.05.2026

Tidspunkt: 15:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 14/26	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 15/26	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 16/26	Orienteringer		
ST 17/26	Referatsaker		
ST 18/26	Søknad om dispensasjon til arrangement for skuleklasser ved Håhellervatnet i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 36/1, Sirdal kommune - Sirdal Huskyfarm		2026/6177
ST 19/26	Uttale til forslag om endring i organiseringen av verneområdeforvaltarane		2026/5096
ST 20/26	Eventuelt		
RS 32/26	Delvis innvilga - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle og Bygland - Vidalega - Lykkje - Gaukhei - Strondelegå - motorferdsel i SVR - snøskuter og helikopter - Karl Martin Matningsdal		2026/2679
RS 33/26	Godkjend øvingsplan - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - øvingsplan 2025 - 2027 - snøskuter - Agder politidistrikt		2024/10742
RS 34/26	Innvilga - endring i løyve - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bygland - motorferdsel -snøskuter - Langeid Driftehei		2024/372
RS 35/26	Vedtak - utsett frist - utslaking av vegskråning - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Hovden landskapsvernområde - Bykle - tiltak langs rv. 9 - Statens vegvesen		2022/5887
RS 36/26	Innvilga - Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal - Sirdal - Blåfjellenden - Sandvatnet - motorferdsel - helikopter - Stavanger turistforening		2026/3595
RS 37/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/16 - Lordehytta - motorferdsel - snøskuter - Ronnie Forgard		2026/3604
RS 38/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 47/3 - Bossbu - motorferdsel - snøskuter - Kjetil Aamlid		2026/3554
RS 39/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Sirdal 1/6 - Suleskardheia - Rosskreppfjorden - ny bru over Bosånæ - Jæren Smalalag		2026/2752
RS 40/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Lusaheia - Sirdal - Bykle - Sandnes - Hjelmeland - motorferdsel - synfaring av		2026/3931

	nye trasear for kvistaløyper med snøskuter - Stavanger turistforening.	
RS 41/26	Delvis innvilga - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 68/65 - Langevann og Vide Lega - motorfersel - snøskuter - Bjørgulv O Rysstad	2024/12392
RS 42/26	Innvilga - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 2/8 - Kalsvatn - Enden - byggetiltak og motorferdsel - tilbygg til jaktbu - snøskuter - Dag Hovden	2025/12946
RS 43/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bygland 5/9 - Stegilsøygard - Pytten - motorferdsel - snøskuter - Jan Ove Pytten Flodquist	2026/4042
RS 44/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 6/13 - Breland - Hanselegå - Signesdalen - motorferdsel - snøskuter - Jon Bygland	2026/3394
RS 45/26	Delvis innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle - Blåsjø - Storsteinen - Hovatn - Vassdalstjørn - motorferdsel - snøskuter - reperasjon og vedlikehald av nødsamband på turisthytter - Stavanger turistforening	2026/4057
RS 46/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 1/286 - Øydeskyvatn - Langvatn - Storheddervatn - motorferdsel - snøskuter - Frode Kirkedam	2026/4068
RS 47/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 60/5 - Store Sandvatn - motorferdsel - snøskuter - Tor Uppstad	2026/4163
RS 48/26	Innvilga - Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal 62/1 - Blåfjellenden - motorferdsel - helikopter - Blåfjell beitelag - Erik Skjørestad	2026/4202
RS 49/26	Innvilga - endra køyretrese - Holmevassåpna biotopvernområde - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle - Sloaros - motorferdsel - snøskuter - ATV med belte - DNT Sør	2026/462
RS 50/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle - Blåsjø - Storsteinen - Hovatn - Vassdalstjørn - motorferdsel - snøskuter - reperasjon og vedlikehald av nødsamband på turisthytter - Stavanger turistforening	2026/4057
RS 51/26	Delegert vedtak - innvilga - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 21/1 - Storsteinsdalen - motorferdsel - snøskuter - reparasjon av kraftlinjemast - Statnett SF	2026/4768
RS 52/26	Spørsmål - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde - kommunikasjonsstilling for Setesdal Ryfylke villreinområde	2026/4865

RS 53/26	Spørsmål - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde - oppretting av kommunikasjonsstilling for Setesdal Ryfylke villreinområde	2026/4865
RS 54/26	Innvilga - Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal 62/3 - Fidjastølen - motorferdsel - helikopter - Henning Furenes	2026/4846
RS 55/26	Innvilga - endring i gjeldande løyve - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 62/14 - motorferdsel - snøskuter - Per Reidar Spieler	2025/930
RS 56/26	Innvilga - endring av dato i løyvet - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 21/1 - Storsteinsdalen - motorferdsel - snøskuter - helikopter - reparasjon av kraftlinjemast - Statnett SF	2026/4768
RS 57/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 79/9 - Heimre Poddetjørn - motorferdsel - snøskuter - Jan Thomassen	2026/5133
RS 58/26	Innvilga - Frafjordheiane landskapsvernområde - Hjelmeland 38/1 - 38/7 - Stakkstøl - motorferdsel - helikopter - Christian Fredrik Wyller	2026/5318
RS 59/26	Vedtak - justert dispensasjon - Kvanndalen landskapsvernområde - Holmavassåno biotopvernområde - Suldal 68/1 - Pytten - Naustdalen - Isvatnet - Djupetjørna - motorferdsel - 2026 - 2029 - snøskuter - Reidar Johan Sandal	2026/593
RS 60/26	Innvilga - Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal 58/1 - 58/2 - Hytter aust for Frafjordhatten - motorferdsel - helikopter - Haaland Bygg	2026/5347
RS 61/26	Varsel om retting - Vormedalsheia landskapsvernområde - Hjelmeland 39/1 - Hegnavatnet - sankehytte - Trond Rød	2023/7390
RS 62/26	Innvilga - Lusaheia landskapsvernområde - Hjelmeland 121/3 - Sandvatnet - motorferdsel - helikopter og snøskuter - tilsyn med målestasjon - Hydro Energi AS	2026/5382
RS 63/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 6/7 - Urdevasskvelven - motorferdsel - helikopter - John Ørjan Tveit	2026/5391
RS 64/26	Innvilga - Vormedalsheia landskapsvernområde - Hjelmeland 39/1 - Hegnavatnet - motorferdsel - helikopter - Trond Rød	2026/5451
RS 65/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Frafjordheiane landskapsvernområder - Sirdal - Sandvatn - motorferdsel - snøskuter - henting av havarert snøskuter - Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest	2026/5459

RS 66/26	Innvilga - Vormedalsheia landskapsvernområde - Hjelmeland 39/7 - Vasstøl - Skithol - motorferdsel - helikopter - Klarfrid Mæland	2026/5649
RS 67/26	Innvilga - Vormedalsheia landskapsvernområde - Hjelmeland 38/1 - Stakkstøl - motorferdsel - helikopter - Lars Strøm	2026/5694
RS 68/26	Innvilga - Kvanndalen landskapsvernområde - Suldal 68/1 - Jensafet - motorferdsel - helikopter - Erik Jordebrekk	2026/5724
RS 69/26	Innvilga - Vormedalsheia landskapsvernområde - Hjelmeland 69/1 - Øyestøl - motorferdsel - helikopter - Ola Mjølhus	2026/6070
RS 70/26	Innvilga - Vormedalsheia landskapsvernområde - Hjelmeland 39/1 - Hegnavatnet - motorferdsel - helikopter - Jon Helge Hausken	2026/6204
RS 71/26	Varsel om retting - Vormedalsheia landskapsvernområde - Hjelmeland 39/1 - Hegnavatnet - Byggesak - Nytt uthus - Trond Rød	2025/8483
RS 72/26	Innvilga Frafjordheiane landskapsvernområde - Sandnes 222/1 - Kjerag - bruk av drone - Portal Norge	2026/6321
RS 73/26	Søknad - Vormedalsheia landskapsvernområde - Hjelmeland - Funningsland - Fjellsendstølen - motorferdsel - helikopter - Petter Mæland	2026/6057



Arkivsaksnummer: 2026/6177

Saksbehandlar: Cecilie Haraldstad Moen

Dato: 20.05.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	18/26	26.05.2026

Søknad om dispensasjon til arrangement for skuleklasser ved Håhellervatnet i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 36/1, Sirdal kommune - Sirdal Huskyfarm

Vedlegg:

1. Søknad om tillatelse for skolearrangement ved Håhellervatn 2. juni 2026
2. Info for skuledagen tirsdag 2.juni ved infosenter ved Håhellervatn (Suleskardvegen)

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde (SVR) gjev Sirdal Huskyfarm v/Odd Kvinen løyve til å gjennomføre eit arrangement for skuleklasser ved rasteplassen ved Håhellervatnet.


Løyvet gjeld for 02.06.2026 og omfattar nødvendig opprigging to dagar før arrangementet og nedrigging to dagar etter arrangementet. Øvre tal på deltakarar er sett til 120. Løyvet er gitt etter kapittel IV, punkt 4.1 i verneforskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

- Alt av søppel og avfall frå arrangementet skal kjeldesorterast, transporterast ut av verneområde og leverast til godkjend mottak i separate fraksjoner.
- Lavvoane og aktivitetane under arrangementet må plasserast slik at ein i størst mogeleg grad unngår slitasje på terrenget.

Som grunngeving for løyvet legg verneområdestyret vekt på at arrangementet er lagt til eit område med mykje anna ferdsel og infrastruktur/inngrep, er av kort varigheit og ei tid på året der viltet er mindre sårbar for forstyrring. Det blir og lagt vekt på at arrangementet legg opp til å formidle verdifull kunnskap til skuleelevane i regionen.

Kart over område for arrangementet.



Saksopplysningar

Bakgrunn for søknaden

Syner til søknad dagsett 12.05.2026 og tidlegare løyve gjeven til tilsvarende arrangementet i sak 2023/2548, 2024/5678 og 2025/5817.

Sirdal Huskyfarm v/ Odd Kvinen søker om å få gjennomføre eit arrangement ved Håhellervatnet den 02.06.2026. Arrangementet er for elevar frå skular i Bykle, Valle, Bygland, Sirdal, samt Outdoor College. I høve til tidlegare søknader har det vore om lag 80 elevar og 20 lærarar som har delteke på arrangementet, og ein har som mål å utvikle dette til eit årleg arrangement for skulane i regionen. Initiativtakar og hovudansvarleg er Sirdal Huskyfarm, men arrangementet er i samarbeid med SVR, Norsk Villreinsenter, Sira Kvina kraftselskap, Statskog og Jærmuseet/ Jæren Smalelag. Føremålet med arrangementet er å formidle kunnskap om verneverdiar til skuleelevar som bur i ein kommune med verneområde. Under arrangementet vil skuleelevane bli delt i grupper som skal rullere mellom seks ulike stasjonar. Tema på stasjonane er kraftproduksjon i villrein fjellet, jakt og fangst i historisk perspektiv, historisk bruk av heia, Outdoor College, bogeskyting, villrein og vernområder. I høvet til skrevet «*info om skuledagen*» vil stasjonane plasserast rundt demningen ved Rosskreppfjorden og infosenteret/ gjeterhytta ved skilleplassen. Det er i all hovudsak Statskog og Sira Kvina kraftselskap som er grunneigar i området. Dei vil og delta i arrangementet.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde frå 28.04.2000
- Forvaltningsplan for SVR, godkjend 2015
- Naturmangfaldlova

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av kap. 4.1 i verneforskrifta går det fram at arrangement av større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar og militærøvingar, må søke forvaltningsstyresmakta om løyve til arrangementet. I denne saka er det tale om ein eit stort arrangement som utløysar krav om søknad. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova (NML)

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), samt frå NINA sine GPS-merkeprosjekt og www.dyreposisjoner.no. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no).

Gjennom vinteren, dvs. i tidsrommet f.o.m. 1. november t.o.m. 20. mai er vegen mellom Brokke og Suleskard stengd, og områda på både sider av vegen vert nytta av villreinen. Etter at vegen vert opna 20. mai og etter kvart som trafikken på vegen og ferdsle ut frå vegen tek seg opp, nyttar villreinen i hovudsak områda lenger nord for vegen. Dette kan og henge saman med mellom anna beitetilhøve og tilgang på høgareliggande areal med snøfenner. Nokre dyr, i første rekke mindre bukkeflokkar kan helde seg i områda sørover frå vegen.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på «Norsk rødliste» i området. Det er heller ikkje funne informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på «Norsk rødliste for naturtypar». Det har heller ikkje kome fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike artar og/eller naturtypar i det aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Det er allereie mykje aktivitet i området knytt til ferdsel på og ut i frå vegen. Ved Håhellervatn ligg ein rasteplass som i si tid vart etablert av SVR. Rosskreppfjorden er regulert og med tre større dammar i sør-enden. Fossebu er ei hytte eigd av Statskog, her er det også eit garasjeanlegg og nedkøyringsrampe for båtslepp.

Forvaltar legg til grunn at tilleggsbelastninga ved gjennomføringa av arrangementet i området vil ha liten til inga negativ innverknad på dyrelivet i området. Aktiviteten frå om lag 100 personar kan gi ein viss fare for slitasje på vegetasjon. Difor viktig at er medviten på

dette ved plassering av lavoane og anna aktivitet. Når det er sagt så vurderer ein området til ikkje å vera særskilt sårbar i høve til dette.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Arrangør er ansvarleg for at gjennomføring på ei miljømessig god måte. Det må leggest vekt på at plassering av lavvoar og annan aktivitet skjer på område der vegetasjonen toler ein del slitasje. Alt av søppel og avfall skal takast med etter avslutning.

Konklusjon

Arrangementet vil berre i liten grad ha negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde og kjem heller ikkje i konflikt med verneformålet. Det vert lagt vekt på at arrangementet er lagt til eit område med mykje anna infrastruktur/ingrep, er av kort varigheit og ei tid på året der viltet er mindre sårbar for forstyrring. Det blir og lagt vekt på at arrangementet legg opp til å formidle verdifull kunnskap til skuleelevane i regionen.

Søknad om tillatelse for skolearrangement ved Håhellervatn 2. juni 2026

Sirdal Huskyfarm, i samarbeid med Verneområde forvaltning, Norsk Villreinsenter, Sira Kvina kraftselskap, Statskog og Jærmuseet/ Jæren Smalelag vil også i år arrangere temadag for 9. klasse skoleelever fra Bykle, Valle, Bygland, Sinnes og Outdoor College (Tysk skole i Sirdal).

Dato er satt til 2. juni med fremmøte ved infosenteret på Hållervatn kl 10:00

Hensikt med arrangementet er å formidle kunnskap om verneverdier for skoleelever som har betydelig areal innenfor verneområdet i sine respektive kommuner.

Med vennlig hilsen

Odd Kvinen

Sirdal mai 2026

Fra: Haug, Jørn Trygve[jorn.haug@statsforvalteren.no]
Sendt: 13.05.2026 07:30:36
Til: Moen, Cecilie Haraldstad[cecilie.moen@statsforvalteren.no]
Tittel: VS: Søknad om arrangment

God morgon, her er søknaden om arrangementet med skuleklassane 2. juni som vi tala om.

Har du høve til å skrive ein kort sak om det til styremøtet?

Dei tidlegare sakene ligg på 2023/2548, 2024/5678 og 2025/5817.

Eg legg også ved programmet for dagen. Vi må ha ein drøs om opplegget. Det vert om lag 45 min. på kvar post og vi deler denne med villreinsenteret.

Jørn Trygve Haug
Verneområdeforvaltar
Tlf. 38 17 62 06/95 20 70 83
www.svr.no
www.nasjonalparkstyre.no/svr/



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Fra: Odd Huskyfarm <odd@sirdalhuskyfarm.no>
Sendt: tirsdag 12. mai 2026 15:28
Til: Haug, Jørn Trygve <jorn.haug@statsforvalteren.no>
Emne: Re: Søknad om arrangment

Her er søknaden

med vennlig hilsen,
Odd Kvinen
Sirdal Huskyfarm



odd@sirdalhuskyfarm.no

+47 482 86 044

www.sirdalhuskyfarm.no

Instagram: @sirdalhuskyfarm

Facebook: facebook.com/sirdalhuskyfarm

Address:

Runtleneset 22

4440 Tonstad, Norway

Den 07.05.2026 14:41, skrev Haug, Jørn Trygve:

Hei Odd, sender du en kort søknad basert på de du har brukt før?

Jørn Trygve Haug

Verneområdeforvaltar

Tlf. 38 17 62 06/95 20 70 83

www.svr.no

www.nasjonalparkstyre.no/svr/



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**



Arkivsaksnummer: 2026/5096

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 20.05.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	19/26	26.05.2026

Uttale til forslag om endring i organiseringen av verneområdeforvaltarane

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret for SVR syner til Miljødirektoratet si utgreiing og tilråding for organisering av verneområdeforvaltarane dagsett 13.4.2026.

Verneområdestyret tilrår ei vidareføring av dagens organisering, alternativ 1. Denne ordninga fungerer i hovudsak godt, og vil bli enda betre med dei føreslåtte forbetringpunkta.

I høve til forbetringpunkta, ref. kap. 5.1.1 i utgreiingsoppdraget, meiner verneområdestyret det er særskilt viktig at det vert ei auka tildeling pr. forvaltarstilling. Midlane må vera øyremerkt og det må sikrast at det bidreg til ei vesentleg styrking av forvaltarane sine driftsbudsjett slik at dei kan følgje opp tiltak og prosjekt på ein god måte. Auka tildeling vil og sikre betre kontakt med fagmiljøet hjå arbeidsgjevar. Når det gjeld forslaget om styrke dagleg leiing av forvaltarane, og meir fleksibel bruk av forvaltarane, legg verneområdestyret til grunn at dette ikkje endrar verneområdestyret sin styringsrett over forvaltarane. Til forslaget om meir fleksibel bruk av verneområdeforvaltarane meiner verneområdestyret at dette framleis må skje i samråd med styreleiar.

I høve til varsla gjennomgang av forvaltningsknutepunkta må ei eventuell endring skje i nært samråd med verneområdestyret.

Verneområdestyret meiner alternativ 2 vil gi ei meir fragmentert villreinforvaltning og svekke verneområdestyret sitt arbeid med å ta vare på verneverdiane.

For nærmare grunngjeving syner verneområdestyret til saksframstillinga.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn

Miljødirektoratet (Mdir) fekk i mars 2025 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet (KLD) å gjere ein gjennomgang av verneområdeforvaltarane si organisasjonsmessige tilknytning, og vurdere om det bør gjerast endringar for å styrke forvaltninga av verneområda.

Miljødirektoratet sin gjennomgang og tilråding ligg no føre, og der verneområdestyret og Statsforvaltarembeta er gjeven moglegheit til å kome med uttale. Uttalen kan lesast på Mdir sin heimeside. Der ligg også innspela som har kome inn til no:

<https://www.miljodirektoratet.no/hoeringer/2026/april-2026/utredningsoppdrag-om-organisering-av-verneomradeforvaltere/>

I høyringsbrevet er det lagt opp til at eventuelle innspel frå verneområdeforvaltarane må takast via arbeidsgjevar, dvs statsforvaltaren.

Bakgrunn for KLD si bestilling er utfordringar ved dagens organisering der statsforvaltarane har arbeidsgjevaransvaret for forvaltarane, mens verneområdestyra har instruksjonsmyndigheita for forvaltarane si tid og oppgåver. Det er særleg peika på uklar rolle- og ansvarsfordeling mellom aktørane, avgrensa kapasitet hjå statsforvaltarane til dagleg leiing og fagleg oppfølging av forvaltarane, liten fleksibilitet i ressursbruk og varierende opplæring og kompetansestøtte. Uklar rolleforståing mot publikum er også nemnd særskilt. Dette gjeld særleg dagens post og arkivsystem der det ikkje er eit tydeleg skilje på dei to forvaltningsorgana.

Samstundes vert det trekt fram klare styrkar ved dagens organisering, dette gjeld særleg forvaltarane sin tilknytning til fagmiljøet hjå Statsforvaltaren.

Utgreiinga tar føre seg fire hovudalternativ:

1. Behalde dagens ordning men sjå på moglege betringspunkt
2. Samle arbeidsgjevaransvaret hjå eit fåtal statsforvaltarar
3. Samle arbeidsgjevaransvaret hjå Miljødirektoratet
4. Opprette ein eigen organisasjon

Det vert presisert at alle alternativa føreset ein rekke tiltak, mellom anna tydelegare rolleavklaring internt og mot publikum, styrka opplæring og dagleg leiing. Vidare er det presisert at dagens forvaltningsmodell med verneområdestyre ligg fast.

Sentralt i oppdraget frå KLD er *endringpunkt* lista opp på side 8 i utgreiinga. Dette er endringar som Mdir særskild er beden om å vurdere med siktemål å styrke forvaltninga av verneområda. *Endringpunkta* er lagt til grunn i Mdir si utgreiing kap. 6 der verknadane av dei ulike alternativa er vurdert og er som følgjer:

- Meir heilskapleg forvaltning av verneområde
- Styrke det faglege nettverket mellom verneområdeforvaltarane
- Auke erfaringsdeling mellom forvaltarane
- Betre tilhøva for rettleiing av forvaltarane og styrke kompetansen
- Betre fungerande knutepunkt
- Meir fleksibilitet i fordeling av oppgåver i samband med frávær og vakansar
- Meir lik organisering av forvaltarane og styrke den daglege leiinga av dei når det gjeld organisering av arbeid, fordeling av oppgåver mv.
- Betre rolleavklaring inkludert gjere rollene meir tydeleg for publikum
- Styrke samarbeidet med Statens Naturoppsyn
- Styrke samarbeidet med besøkssenter
- Styrke tilliten til forvaltningsordninga hjå publikum
- Auke forvaltningsgevinsten på tvers av alle verneområde som vert forvalta av verneområdestyre og statsforvalta1

Tilråding frå Mdir – alternativ 2

Mdir har tilråda alternativ 2, dvs. å samle arbeidsgjevaransvaret hjå eit fåtal statsforvaltarar. Hovudargumentet for ei slik organisering er å skape store nok einingar til at det forsvarar ein eigen leiarstilling for forvaltarane, og det vert nok tal forvaltarar til at dei saman utgjer eit

godt og robust fagmiljø i same embete. I ein slik modell er det føreslått at verneområdeforvaltarane i SVR vert liggjande under Statsforvalteren i Vestland, som då totalt vil auke frå ni til tretten forvaltarar. Det vert understreka at fordelinga av verneområdeforvaltarar ikkje er meint som endeleg konklusjon men meir for å illustrere korleis det kan løysast.

Ved val av alternativ 2 vert det føreset fleire tiltak som også vil vera gjeldande for alternativ 1 (behalde dagens organisering), dette er:

- Auka tildeling pr. forvaltarstilling og synleggjere øyremerking av midlar pr. forvaltarstilling i Prop. 1S (statsbudsjettet)
- Klargjering av rollar knytt til fagleg oppfølging av forvaltarane
- Klarare skilje mellom arbeidsgjevar og verneområdestyret i dokumentforvaltninga
- Gir arbeidsgjevar auka fleksibilitet i bruk av forvaltarressursar mellom fleire verneområdestyre
- Innføring av «forvaltarskolen» og faste forvaltarsamlingar
- Gjennomgang av forvaltningsknutepunkt
- Formalisere samarbeid med besøkssenter
- Legge til rette for SNO's tilgang til forvaltningsknutepunkt

I tabell 4 s. 50 i utgreiinga er det gjort ein samanstilling av fordelar/ulempar med dei ulike alternativa:

Endringspunkt til vurdering	0- alternativet/ dagens org.	Alt.1 Dagens org. med endringer	Alt. 2 – Fåfall embeter	Alt 3 – Miljø- direktoratet	Alt. 4 – Egen org.
Gir mer lik organisering av forvalterne og styrker daglig ledelse	0	+	++	+++	+++
Styrker det faglig nettverket og bedre erfaringsdeling mellom forvaltere	0	+	++	+++	+++
Gir mer fleksibilitet i fordeling av oppgaver	0	+	++	+++	+++
Gir bedre forhold for opplæring og veiledning for forvalterne og styrker kompetanse	0	+	++	+++	++
Tydligere rolleavklaring mellom aktørene i organisasjonsmodellen	0	++	++	0	+++
Tillit til verneområdeforvaltningen hos publikum	0	+	+		++
Økte forvaltningsgevinster på tvers av alle verneområder som forvaltes av styrer og statsforvaltere	0	+++	++	--	--
Ressursbehov sammenliknet med dagens ordning (kapasitet og budsjettmidler)	0	-	-	--	---

Vurdering

Det er eit omfattande høyringsdokument med fleire ulike alternativ. Forvaltar har vald å konsentrere uttalen om følgjande tre hovudpunkt:

- Mdir si beskrivinga av dagens ordning og korleis den fungerer, sett i høve til verneområdestyret sin røynsle.
- Kva vil forslaget frå Mdir om ny organisering bety for verneområdestyret for SVR og forvaltning av verneområda dei har ansvaret for
- Verneområdestyret sin tilråding av ny organisering inkludert forbedringspunkt med dagens ordning.

Mdir. si beskrivinga av dagens organisering og korleis den fungerer, sett i høve til verneområdestyret si røynsle

Ei felles forståing av dagens ordning må ligge i botnen for eventuelle endringar. Dagens organisering er greia ut i utgreiingsoppdraget kap. 4 og der det i kap. 5.1.1 er gjeven ei problembeskriving av dagens organisering. Hovudinstrykket er at beskrivinga svartmålår dagens organisering meir enn det er grunnlag for, og ikkje fangar opp variasjonane i korleis organiseringa fungerer i dei ulike verneområdestyra.

I følgje utgreiinga nyttar statsforvaltarane mykje tid på den personalmessige og administrative oppfølginga av forvaltarane. Det vert også peika på for lite tilstrekkeleg opplæring og rettleiing av forvaltarane.

Forvaltar kjenner seg ikkje att i ei slik beskriving for SVR. Tvert i mot har forvaltarane jamt over lagt beslag på svært lite personal- og administrative ressursar hjå dei respektive statsforvaltarane. Eit unntak er periodar med vakante stillingar der det går ein del ressursar til prosessar med rekruttering. For opplæring og rettleiing har det for SVR sin del aldri vore formidla at dette skulle vera mangelfullt. For nye forvaltarar vert i praksis mykje løyst med fadderordninga. Forvaltarane har også ein låg terskel for å ta kontakt på sakshandsamarnivå i saker der statsforvaltaren har spisskompetanse, ein kontakt som for øvrig går båe vegar.

Vidare er det i utgreiinga peika på utfordringar i samarbeidet mellom forvaltning og SNO. Gjennomgåande fungerer samarbeidet mellom SNO og verneområdeforvaltninga svært godt i SVR, men lir under at SNO sine ressursar i verneområda er sterkt redusert dei siste åra, frå tre heile stillingar til dagens eine. Konsekvensane er naturleg nok at SNO må konsentrere innsatsen på sine kjerneoppgåver og mindre kan serve verneområdeforvaltninga.

Kva vil forslaget om ny organisering bety for verneområdestyret for SVR og forvaltning av verneområda dei har ansvaret for

Mdir sitt forslag om organisering etter alternativ 2 inneber at dagens tre forvaltarar i SVR organisatorisk vert flytt frå høvesvis statsforvaltarane i Agder og Rogaland, til statsforvaltaren i Vestland. Mdir. signaliserer og ein gjennomgang av ordninga med forvaltningsknutepunkt, og med behov for å samle desse i større grad enn i dag.

Med monaleg lengre fysisk avstand til arbeidsgjevar og fagmiljøet der, vil tilknytninga til arbeidsgjevar truleg bli enda meir perifer og sporadisk enn det som er tilfelle i dag. Sjølv om mykje kan løysast digitalt vil det framleis vera behov for å møtast fysisk. Lang reiseavstand vil og ha ei kostnadsside der det vera mindre att til reiseverksemd direkte knytt til arbeidsoppgåvene i stillinga.

Ei anna side ved ei slik organisering er at ein splittar opp ei «forvaltningseining» for eit fjellområde som etter forvaltar sitt syn fungerer godt og har utvikla seg over tid med eit godt samarbeid mellom aktørane. Døme på dette er arbeidet med uttale til Lyse kraft sine utbyggingsplanar for Røldal – Suldal anlegga, og ikkje minst tiltaksplanen for villrein.

Statsforvaltaren i Agder har eit særskild koordineringsansvar for Setesdal Ryfylke villreinområde og villreinnemnda for setesdalsområdet. Ved å legge verneområdeforvaltarane, som har ansvaret for arealforvaltninga i ein betydeleg del av villreinområdet til Vestland, vil «fjellforvaltninga» bli meir fragmentert og uoversiktleg enn det som er tilfelle i dag. Særleg vert dette gjeldande på sikt når det kjem nye folk i forvaltarstillingane.

Uavhengig av val av organisering er det føresett at forvaltarane skal sitte desentralisert. Det varslast likevel behov for en gjennomgang og endring i forvaltningsknutepunkta. For SVR har det aldri vore noko forvaltningsknutepunkt etter den opphævelege tydinga av omgrepet. Bakgrunnen for dette var at kommunane som gjekk med i den nye forvaltningsordninga tidleg fekk aksept frå Miljøverndepartementet (no KLD) for å plassere forvaltarane på tre ulike stader (Sirdal, Suldal og Valle). Grunngevinga var viktigheita av nærleik til brukarane og områda dei skulle forvalte, og ikkje minst dei store reiseavstandane kring verneområda. Når Mdir. no i sitt forslag varslar ein gjennomgang og endring av forvaltningsknutepunkta vil dette på sikt kunne føre til at to av kommunane mistar «sin» forvaltar og at ein viktig føresetnad for å gå med i forvaltningsmodellen fell vekk. Det må her leggjast til at for forvaltarane, og for attraktiviteten til stillingane, kan ei samlokalisering av forvaltarane vere positivt mtp. fagmiljø og arbeidsmiljø.

Med forslaget, både alternativ 1 og 2, ønskjer Mdir. å styrke dagleg leiing av forvaltarane. I tillegg få ein større fleksibilitet i bruk av forvaltarane mellom ulike verneområdestyre. Slik forvaltar ser det inneber dette ei dreining der statsforvaltarane får meir styring med forvaltarane, og at verneområdestyret mistar noko av rådigheita.

For både alternativ 1 og 2 er det føreslått å styrke finansieringa av forvaltarstillingane og synleggjere øyremerkinga av midlane pr. stilling. Det er svært gledeleg at Mdir er så tydeleg på dette behovet. Det er avgjerande at ei slik styrking inneber ei auke i forvaltarane sine driftsbudsjett. Særleg for forvaltarane knytt til statsforvaltarane i Agder har det dei siste åra vore svært stramme driftsbudsjett, noko som har gått utover reiseverksemda og moglegheita til å følgje opp tiltak og prosjekt på ein god måte. I høve til øyremerking av midlar må det og innebera at ved vakante forvaltarstillingar skal lønnsmidlane nyttast i verneområdeforvaltninga, ikkje for fri bruk i embeta slik Statsforvalteren i Agder har praktisert det til no.

Verneområdestyret sin tilråding av ny organisering inkludert forbetningspunkt med dagens ordning

Forvaltar vil tilrå at ein held på dagens organisering (alternativ 1) med enkelte forbetningspunkt. Hovudargumentet for dette er å sikre at dei viktigaste aktørane innan bestand og arealforvaltning opererer under den same administrative paraplyen, og såleis sikrar best mogleg koordinering og samarbeid på tvers av forvaltningsorgan.

Forvaltar er elles samd i at det er fleire forbetningspunkt med dagens organisering. Pkt. 1 – 9 nedanfor er henta frå utgreiinga kap. 5.1.1. For pkt. 1, 2, 4 og 7 syner forvaltar til kommentar ovanfor.

1. Økning av kapasitet og ressurser hos statsforvalterne

- a. Økt tildeling per forvalterstilling (eksisterende stillinger fra før 2024)
- b. Synliggjøre øyremerking av midler per forvalterstilling i Prop. 1S
- c. Tilføre midler til embeter (med mer enn 10 forvaltere) for å ansette dedikert seksjonsleder med personal- og fagansvar. I embeter med færre forvaltere foreslår vi å tilføre midler til en forvalterkoordinator som skal bistå på tvers av forvaltere/styrer med faglig rådgiving og bistand i oppgaver. Personalansvaret må da fremdeles ligge hos en leder hos statsforvalteren.

2. Klargjøring av roller internt blant aktørene knyttet til faglig oppfølging av forvalterne

3. Klarere skille mellom arbeidsgiver og styret i dokumentforvaltning
4. Gi arbeidsgiver økt fleksibilitet i bruk av forvalterressurser mellom styrer.
5. Innføring av "Forvalterskolen"
6. Faste intervaller på forvaltersamlinger
7. Endringer på forvaltningsknutepunkter
8. Formalisere samarbeid mellom forvaltning og besøkssentre
9. Legge til rette for SNOs tilgang til forvaltningsknutepunktene

Konklusjon

Forvaltar tilrår å videreføre dagens organisering av verneområdeforvaltarane i SVR med enkelte forbedringspunkt.